

Den store ryddedagen til 17. mai

10.05.2016



Branntroppen skal spyla parkeringsplassen onsdag kveld, og bingogjestene vert oppfordra til å parkera andre stader i sentrum.(Arkivfoto: Ola M. Mathisen)

I morgen vert det rydda og klargjort for nasjonaldagen 17. mai. Frå kl. 18 vert den gamle skuleplassen spylt og reingjort av branntroppen i Uskedalen. Styremedlemer frå Uskedal utvikling vil rydda og gjera reint rundt informasjonstavla og Gamleskulen. Bingogjestene, som til vanleg treng parkering, vert oppmøda om å finna ein annan plass i sentrum.



Deler av dugnadsgjengen på Stemnepllassen i fjor.

Frå same tid vert det dugnad på Stemnepllassen. Kvart medlemslag møter med sine representantar. Uskedal utvikling oppmodar alle om å rydda sine areal. Noko er alt gjort. Geilo Grannelag har hatt sin vårdugnad. Det same har Båtlaget. Skulen og barnehagen i samarbeid med SPAR ryddar sentrum. Velorganisasjonane er ansvarleg for rydding i sine bustadfelt, - Korsneset, Halsabrotet og Skorhaug.

Uskedal utvikling vil rydda badestranda på Stølavikjo og turvegane i nærområdet. Elveeigarlaget vil rydda langs elva, og Bondelaget vert oppmoda om å organisera rydding av plast langs vegen på dalen.

Avfall og skrot knytta til næring og industri må kvar brukar ta hand om, eventuelt i samarbeid med SIM.

Når dette er gjort, vil Uskedalen som bygd visa seg frå si beste side

Tekst: Kristian Bringedal

Foto/nett: Thor Inge Døssland